



VINJE

«mottakernavn»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»
«KONTAKT»

Dato:13.02.2025
Vår referanse: 2024/2187-22
Sakshandsamar:Anne-Sofie Bergene Strømme

99/1006 - Svar på spørsmål om endring av reguleringsplan Tyrvelid 99/6 PlanID 20190002 i Vågslid

Syner til innsendt spørsmål 13.01.25 knytt til tomt 6-32 i høve mindre endring av reguleringsplanen for Tyrvelid 99/6, i Vågslid, som har vore ute på høyring, samt høyringsinnspel 04.02.25.

Fyrst vil eg be om orsak for at spørsmålet ikkje er svara på. Den er registrert som ordinært høyringsinnspel til saka som skal greiast ut i saksframlegget til politisk handsaming, og ikkje som eit spørsmål som skulle svarast ut av sakshandsamar.

Her er svar på spørsmåla frå e-post 13.01.25.

Endringa for tomt 6-32 gjeng ut på endre frå 20 % BYA til fast BYA 70 m2, i tillegg til at ein av parkeringsplassane skal løysast i bygningskroppen.

Kommunen legg til grunn 2 parkeringsplassar når ein reknar BYA utnyttingsgrad ($18+18=36\text{m}^2$), for tomt 6-32 leggje ein til grunn 1 parkeringsplass sidan den andre løysast i bygningskropp, så då står ein att med 18 m2 som ein må leggje til grunn utandørs ved utrekning av utnyttingsgrad BYA.

I høyringsbrevet har kommunen lagt til grunn tomtestorleik 442 m2 og føreslege 70 m2 BYA + 18 m2 for parkeringsplass = 88 m2.

$88\text{m}^2/442\text{m}^2=19,9\%$, altså om lag 20 % BYA. Det vil sei at 70 m2 stemmer med 20 % BYA, når tomtestorleiken er 442 m2 slik som det ligg i plankartet.

Kommunen ser at tomtestorleiken i plankartet og oppmålt tomt ikkje samstemmer, og kommunen har difor i høyringsbrevet skildra at ein vil innstille på å endre tomtegrensa slik at det stemmer med eigedomsgrensa. Sidan tomtestorleiken då blir om lag 543 m2, kan ein med 20 % utnytting byggje større enn føreslegen 70 m2.

Dersom ein snur på reknestykke for å finne ut kor mykje tilsvarar 20% BYA på ein tomtestorleik på 543 m2 får ein dette reknestykke:

$$X + 18 = (20 \% * 543 \text{ m}^2) - 18 \text{ m}^2 = 90 \text{ m}^2$$

Dersom ein skulle haldt på 20 % BYA kan de potensielt byggje 90 m2 bygg, der ein parkeringsplass på 18 m2 løysast i bygningskroppen og 1 parkeringsplass på 18 m2 løysast ute.

Kommunen vil difor innstille på å auke frå 70 m2 til 90 m2 i saka til politisk handsaming, i tråd med oppmålingsforretning og vedtak om arealoverføring mellom 99/226 og 99/1006 gjeve i delegert vedtak 13.11.23, sak 62/23, slik det er merka med raud line i utsnittet under.



Vonar dette var avklarande. Dersom de skal ha ytterlegare spørsmål til dette kan de gjerne ta kontakt på tlf. 48118429 eller e-post: anne-sofie.stromme@vinje.kommune.no.

Med helsing

Anne-Sofie Bergene Strømme

plan- og miljørådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bente Pettersen

KYRRE PETTERSEN

